

## Uke 16

### 20. april: Matthias Orheim og kona Maria

”Den blinde sjåaren”, forkynnar og salmediktar

Mathias Orheim var fødd på gården Orheim i Stårheim i Nordfjord i 1884. 16 år gammal blei han omvend på eit pinsesemne med Ludvik Hope og Tormod Rettedal. Dagen etter skreiv han sin fyrste salme: ”Eg fann min Gud i ungdoms år” (Norsk Salmebok 422). Han vart blind i ungdomsåra, men tok likevel 19 år gammal til å reise som forkynnar over heile landet. For å nå ut til folk ville han heller ha møta på ungdomshus enn på bedehus, og han spelte fele og glasmusikk. Slik utvida han grensene for den tradisjonelle kristne forkynninga. Han skrev om lag 1000 songar, og han sette toner til fleire av songane sine. I salmane ”Kvardagskristen vil eg vera” og ”Eg har ei tenesta stor for Gud” ser han kvardagslivet som ei gudsteneste. Her kan ein sjå likskap med luthersk kallstanke og keltisk kristne bønner.

Mathias Orheim ivra for å starte opp folkehøgskule på Vereide i Nordfjord. Frå steinkrossen på Dragseidet (kristningskrossen på Stadlandet) sende han bod om å reise skulen.

Mathias var nært knytt til kona si, Maria Orheim. Ho var på ein måte synet til ”den blinde sjåaren” som Mathias Orheim er blitt kalla. Dei bad Gud om at dei måtte få døy til same tid for ikkje å verte att åleine. Dei døyde på same dagen, 20. april 1954. Dette minner meg om Herbert og Cuthbert som døyde i 687 (sjå 20. mars).

På gravstøtta til Maria og Mathias Orheim på Stårheim kyrkjegard står den siste linja frå salmen ”Kor mykje stort” (Sangboken 203) som Mathias Orheim gav ut i si første diktsamling ”Heimlokk” i 1903: ”Det venaste syn som eg får sjå, er unge på kne for Gud.”

**Bønn:** Kven kan få sagt kor stort det var at du kom til oss her,  
og himlen ned på jordi bar med song av englehær?

Å, var mitt liv ei himmelbru, i alle ting som du, som du, min Gud, kor sæl eg var!  
(*Mathias Orheim i Norsk Salmebok 425,2: ”Å, var eg meir deg, Jesus, lik”*)

**Bibelttekster:** Sal 126      1 Pet 5,1-4      Joh 21,18-25

Som den djupe fjord kan greia spegla himlen høg og blå,  
Skal ein kvardagskristen spreia festglans kring det kvardags grå.  
(*Mathias Orheim i Norsk Salmebok 751,1 ”Kvardagskristen vil eg vera”*)

### Andre merkedager:

**16. april: Magnus Orknøyjarl** var født om 1076 og av norsk ætt. Under en røvertokt langs den britiske vestkysten ved Anglesey nektet han å fortsette livet som røver. På langfredag 16. april i 1115 ble han drept av sin fetter Håkon. Senere ble Magnuskatedralen i Kirkwall bygget over hans skrin. På Kirkjubø på Færøyene er restene etter en påbegynt Magnus-katedral.

**17. til 18. april 1521: Luther i Worms.** På riksdagen i Worms nektet Martin Luther å tilbakekalle sine skrifter. Han sa: ”Min samvittighet er fanget av Guds ord.”

**19. april 1529: Protest i Speyer.** På den 2. riksdagen i Speyer protesterte de evangeliske fyrstene og byer mot undertrykking av evangelisk tro, derfor ble de kalt ”protestanter”.